

## Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 01.02.2017

### Vedtak

RMNF har handsama denne saka idag. Rådets medlemmar støtter fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling til Løft 2., sak 2017/445-1 frå opplæringsavdelinga. Fylkesrådmannen gir i denne saka berre uttale til Løft 2, inkluderande og likeverdig opplæring. Rådet vil gje uttale til alle dei 8 punkta:

Høyrings svar frå Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne i Hordaland.

«Utvalget har gjort eit stort og omfattande arbeid med denne rapporten, og den er eit viktig dokument i arbeidet vidare med å styrka rettighetane til utviklingshemma. Men det skulle i tillegg vore eit Løft nr 9, som omhandla ferie og fritid for den utviklingshemma. Eit så viktig emne burde vore kartlagt på lik linje med dei andre løfta.

NOU 2016: 17 kapittel 1 tabell 1.1 er ein grundig dokumentasjon på korleis mange utviklingshemma har det i dag, med diskriminering, manglande tilrettelegging, tvang, manglande reell fridom, vold, overgrep, misbruk, sviktande omsorg osv.

Løft 1. Sjølvbestemmelse og rettssikkerhet. FN-konvensjonen om rettighetane til mennesker med nedsatt funksjonsevne (CRPD) må snarast takast inn i norsk lov, dette gjeld også tillegget som ikkje vart tatt med under ratifiseringa. RMNF støttar utvalget på alle punkt.

Løft 2. Inkluderande og likeverdig opplæring. At utviklingshemma i stor grad blir undervist av ufaglærde, er diskriminerande, og her må lova endrast, slik at kun kvalifisert personell kan brukast i denne undervisninga. Når det gjeld universell utforming av eksisterande skulebygg, må det utarbeidast ein plan for opprusting og fastsetjast ein dato for ferdigstilling, gjeld både kommunar og fylker. Elles støttar RMNF fleirtalet.

Løft 3. Arbeid for alle. For folk flest er det svært viktig å ha ein jobb å gå til. For ein stor del av dei utviklingshemma er det endå viktigare å ha ein fast jobb å gå til kvar dag. Støttar elles utvalget på alle punkt

Løft 4. God helse og omsorg. God beskrivelse av situasjonen i dag, og krevjande, men naudsynte tiltak for å få den utviklingshemma i sentrum, og ikkje la berre økonomien styra tilbodet.

Løft 5. Eigen heim. Nokon ønskjer å bu i bufellesskap, medan andre vil bu for seg sjølv, men har ingen moglegheit på grunn av dårleg økonomi. Her må Husbanken styrkast.

Løft 6. Kompetanse og kunnskap. Det er i dag alt for mange ufaglærte som jobbar innan tenester for utviklingshemma. Utvalget har ein god beskrivelse både av situasjonen i dag, og av kva som må til for å retta på desse tilhøva.

Løft 7. Koordinerte tenester. Utvalget har her dokumentert dårleg samarbeid og mangelfull koordinering, men har lite eller ingenting om årsakene til dette. Dette er eit område som treng meir kartlegging, så ein kan finna ut om det er systemsvikt eller personrelaterte årsaker, og deretter setja inn dei rette tiltaka for å bøta på manglane. Her meiner RMNF at Bufdir må styrkast og få det koordinerande ansvaret.

Løft 8. Målretta styring. Her er det god grunn til å stilla spørsmål om kompetansen til både politisk og administrativ leiding på fleire plan, og her ligg den største utfordringa til forbetring.»

**Representanten Solbjørg H. K. Marjala (FL, R/SV/SP KRF)** sette frem slikt forslag:

« Særlig i henhold til opprettholdelse av spesialskoler».

**Røysting:**

2 Representantar, Solbjørg H. K. Marjala ( FL R/SV/SP/Krf) og May Eva Sandvik (H) røysta for dette forslaget. Forslaget falt.

**Vedtak:**

Rådets medlemmer støtter fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling til løft 2, Men rådet vil gje uttale til alle 8 punkta.

Høyrings svar frå Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne i Hordaland.

«Utvalget har gjort eit stort og omfattande arbeid med denne rapporten, og den er eit viktig dokument i arbeidet vidare med å styrka rettighetane til utviklingshemma. Men det skulle i tillegg vore eit Løft nr 9, som omhandla ferie og fritid for den utviklingshemma. Eit så viktig emne burde vore kartlagt på lik linje med dei andre løfta.

NOU 2016: 17 kapittel 1 tabell 1.1 er ein grundig dokumentasjon på korleis mange utviklingshemma har det i dag, med diskriminering, manglande tilrettelegging, tvang, manglande reell fridom, vold, overgrep, misbruk, sviktande omsorg osv.

Løft 1. Sjølvbestemmelse og rettssikkerhet. FN-konvesjonen om rettighetane til mennesker med nedsatt funksjonsevne (CRPD) må snarast takast inn i norsk lov, dette gjeld også tillegget som ikkje vart tatt med under ratifiseringa. RMNF støttar utvalget på alle punkt.

Løft 2. Inkluderande og likeverdig opplæring. At utviklingshemma i stor grad blir undervist av ufaglærde, er diskriminerande, og her må lova endrast, slik at kun kvalifisert personell kan brukast i denne undervisninga. Når det gjeld universell utforming av eksisterande skulebygg, må det utarbeidast ein plan for opprusting og fastsetjast ein dato for ferdigstilling, gjeld både kommunar og fylker. Elles støttar RMNF fleirtalet.

Løft 3. Arbeid for alle. For folk flest er det svært viktig å ha ein jobb å gå til. For ein stor del av dei utviklingshemma er det endå viktigare å ha ein fast jobb å gå til kvar dag. Støttar elles utvalget på alle punkt

Løft 4. God helse og omsorg. God beskrivelse av situasjonen i dag, og krevjande, men naudsynte tiltak for å få den utviklingshemma i sentrum, og ikkje la berre økonomien styra tilbudet.

Løft 5. Eigen heim. Nokon ønskjer å bu i bufellesskap, medan andre vil bu for seg sjølv, men har ingen moglegheit på grunn av dårleg økonomi. Her må Husbanken styrkast.

Løft 6. Kompetanse og kunnskap. Det er i dag alt for mange ufaglærte som jobbar innan tenester for utviklingshemma. Utvalget har ein god beskrivelse både av situasjonen i dag, og av kva som må til for å retta på desse tilhøva.

Løft 7. Koordinerte tenester. Utvalget har her dokumentert dårleg samarbeid og mangelfull koordinering, men har lite eller ingenting om årsakene til dette. Dette er eit område som treng meir kartlegging, så ein kan finna ut om det er systemsvikt eller personrelaterte årsaker, og deretter setja inn dei rette tiltaka for å bøta på manglane. Her meiner RMNF at Bufdir må styrkast og få det koordinerande ansvaret.

Løft 8. Målretta styring. Her er det god grunn til å stilla spørsmål om kompetansen til både politisk og administrativ leiing på fleire plan, og her ligg den største utfordringa til forbetring.»